



Åseral Arbeiderparti

Partiprogram 2019-2023

Arbeiderpartiet

Arbeiderpartiet er eit sosialdemokratisk parti, og byggjer sin politikk på grunnverdiane fridom, likskap og solidaritet. Arbeiderpartiet ynskjer ei rettferdig verd utan fattigdom, ei verd i fred og i økologisk balanse, kor menneska er frie og likestilte og har innverknad på sine livsvilkår.

FRIDOM

frå fattigdom og undertrykking, og fridom til å utnytte skapande evner og moglegheiter.

LIKSKAP

og plikter for alle. Like moglegheiter uansett sosial bakgrunn, kjønn, religion eller etnisk opphav.

SOLIDARITET

med menneske over heile verda og med komande generasjonar.

Kommunen har ansvar for dei fleste velferdstenestene folk er i kontakt med i kvardagen. Det betyr at kommunen må prioritere mellom de ulike oppgvene og utnytte ressursane sine effektivt. Ein god kommuneøkonomi er viktig for å sørge for god skule, gode omsorgstenester og eit godt lokalmiljø.

ALLE SKAL MED

Born og unge

Arbeiderpartiet meiner at god politikk handlar om å gi alle born moglegheit for eit godt liv uavhengig av familiebakgrunn, sosial status, kjønn, funksjonsevne, etnisitet, økonomi eller geografi.

ÅSERAL ARBEIDERPARTI VIL

Gå inn for at det skal vere full SFO-dekning i same tidsrom som barnehagen. Kvaliteten på tilbodet og kompetansen må ivaretakast.

Legge til rette for gratis frukost og skulemåltid.

Jobbe for at ungdommen skal få tilgang til eit lokale i nærleiken av sentrum.

Arbeide for å oppretthalde og styrke vidaregåande opplæring på Byremo og Hornnes. Det må leggest til rette for mentor-ordning for dei elevane som har behov for ei tettare oppfølging på ungdomsskulen og under vidaregåande opplæring.

Styrke desentralisert høgare utdanning i indre Agder.

At kommunen til ei kvar tid har lærlingar.

Inkludere og lytte til Barne- og ungdomsrådet i kommunen.



Folkehelse og eldreomsorg

For Arbeiderpartiet er folkehelsearbeid fundamentet i helsepolitikken.

ÅSERAL ARBEIDERPARTI VIL

At menneske med redusert arbeidsevne skal ha høve til å nytte sitt potensiale.

Arbeide for god kvalitet på måltida i barnehage, SFO, skule og til eldre.

Sørgje for å ha god lokal ordning for legevakt og fastlege.

Legge til rette for frivillig arbeid hjå lag og organisasjonar i Åseral.

Sikre vidare drift og utvikling av frivilligsentralen.



Styrke kommunale tenester og velferdsteknologi slik at alle kan bu heime så lenge dei ynskjer.

Legge til rette for fleire turløyper i kommunen.

At folkehelsearbeidet blir integrert i planarbeidet i kommunen.

Næring, samferdsel og infrastruktur

Arbeid til alle er vår hovudsak.

ÅSERAL ARBEIDERPARTI VIL

Sikre offentleg og lokalt eigarskap over energiproduksjon og viktige naturressursar. Me vil behalde det offentlege eigarskapet i Agder Energi.

Meine at vindkraft ikkje høyrer heime i Åseral sin vakre fjellheim.

Redusere ufrivillig deltid for kommunalt tilsette, og gå inn for at nye stillingar i all hovudsak vert tilbydt som heiltidstillingar.

Jobbe for at eksisterande vegar vert oppgradert med fast dekke for å sikre både nødvendig transport og sosial samhandling.

Meine at godt utbygd fibernett høyrer til i det moderne samfunnet.

At skog- og jordbruk skal ha ei særstilling i vår langsiktige, politiske tenking. Me ser at landbruket er viktig som stadbunden næring og for bustting i Åseral.

Meine at vi framover må stø opp om heilårsturisme for å utnytte potensialet i Turistområdene våre. Turisme er viktig for Åseral.

Støtte opp om eksisterande næringar og legge til rette for nyetableringar.



Åseral Arbeiderparti

Kultur

Gode kulturopplevingar gir livskvalitet, inspirasjon, refleksjon og skapar samhøyr. Eit godt kulturtilbod skapar attraktive lokalsamfunn.

ÅSERAL ARBEIDERPARTI VIL

Arbeide for friområde for skuterkjøring.

At skuterklubben skal få høve til å arrangere turar utan at dei må samarbeide med andre lag og foreiningar.

At ein skal kunne køyra scooter med seg sjølv og eventuelt passasjerar til eiga hytte utan at det vert stilt andre krav. I dag gir skuterløyve kun rett til transport av utstyr, bagasje og ved.

Støtte opp om stiftinga Eikerapen Rootsfestival, slik at Åseral framleis blir markert på festivalkartet i Noreg.

Jobbe for ei god og variert kulturskule.

Jobbe for eit stadionbygg som kan huse ein kiosk med eit lite kjøkken, lager/teknisk rom og eit sanitæranlegg.

Vil at bruk av Ørevatn skal bli meir tilgjengeleg for folk.

Meine at kultursjela til Åseral bør ha rotfeste på Minne Kultursenter, både i form av historisk museum, foreiningsliv, filmframvising, folkebibliotek, utstillingar, forelesingar og andre arrangement.

Meine at jernaldergarden i Sosteli er eit fylkeskommunalt ansvar, men me vil arbeide opp mot eigarane slik at området blir gjort endå meir attraktivt for vitjande.



Åseral Arbeiderparti

Våre listekandidater



Inger Lise Lund Stulien



Jan Arild Bjørndal



Inger Lise Austrud



Salve Ljosland



Bente Forgard Lineikro



Vidar Ø. Birkeland



Vibeke Sandåker




Alf Skaret



Marianne Uleberg



Sigbjørn Heggdal



Åseral Arbeiderparti